



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.05.2016
Vår ref.: 2016/2443-4
Saksbehandlar: jonvoll
Dykkar ref.: «REF»

Til kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen

Kompensasjonsordninga for auka arbeidsgivaravgift 2015 og 2016 – Utlysing av midlar

Hordaland fylkeskommune lyser ut 44,4 millionar kroner til delfinansiering av næringsretta utviklingsprosjekt i Hordaland.

Prosjekt eller tiltak som det søkast midlar til må vere forankra i ein eller fleire av kommunane Etne, Bømlo, Kvam eller Modalen. Generelt gjeld at midlane skal nyttast i tråd med gjeldande planar for regional utvikling og nasjonale føringar og retningslinjer.

Målgruppa for kompensasjonsmidlane er definert som regionale utviklingsaktørar, kommunane og større bedrifter. Mindre bedrifter og privatpersonar kan ikkje søke.

Støtte til bedriftsutvikling eller bedriftsetablering, og einskildbedrifter vert oppmoda om å kontakte Innovasjon Noreg, Etablerersenteret i Business Region Bergen, Samarbeidsrådet for Sunnhordland eller Hardangerrådet.

På basis av innkomne søknader, vil ei eiga styringsgruppe, oppretta av fylkeskommunen, som består av ordførarar og næringsleiarar frå dei fire kommunane utarbeide ei utkast til ein samla plan for bruken av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016, inkludert å gjere ei prioritering av kva for prosjekt som skal få støtte og eventuelt kor mykje. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er sekretariat for styringsgruppa. Planen blir sendt til fylkeskommunen, kor fylkesutvalet har ansvaret for endeleg godkjenning av planen. Det er lagt opp til ein framdriftsplan som inneber at planen skal bli handsama i fylkesutvalet hausten 2016.

Vi ber dykk informere om ordninga snarast på dykkar nettstad, og gjerne informere ut i dykkar nettverk i høve å nå fram til aktuelle prosjekt og aktørar. Det er utforma nærare opplysningar om krav til søknaden og prioriteringskriterier. Alle blir oppmoda til å sette seg inn i krava.

All informasjon om ordninga og søknadsskjema finst på www.hordaland.no/komp

Kontaktpersonar:

Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, mobil: 900 89 150, epost: gro.jensen.gjerde@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

Jon Erik Vollan, Hordaland fylkeskommune, mobil 415 60 961, epost jon.erik.vollan@hfk.no

Søknadsfristen er 1. juli 2016

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
nærings sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.